

Hardanger Folkeblad – nett 13.1.2021:

Fekk klar vegmelding frå Frp: – Ingen grunn til å sitja stille i båten



Utsett: Riksveg 13 har mange rasutsette parti. Oddadalen er ein av dei parcellane der det stadig må til opprydding. Arkivfoto: Eivind Dahle Sjåstad

Av [Eli Lund](#)

Publisert: 13. januar 2021, kl. 12:01

Interesseselskapet for riksveg 13 gjennom Rogaland og Vestland, Fjordvegen rute 13, har hatt møte med sentrale representantar i Frp.
Jostein Eitrheim seier ein no er i innspurten fram mot vedtak av NTP for dei neste 12 åra og at det handlar om å fortelja omverda om situasjonen langs riksveg 13.

Styret og administrasjonen i Fjordvegen rute 13 hadde nyleg eit nettmøte med Frp-representantane Morten Stordalen, Helge André Njåstad og Bård Hogsrud.

Interesseselskapet vil ifylgje Eitrheim ta for seg alle partigrupper etter tur.

– Me byrja med Frp fordi dei er dei mest aktuelle til å påverka regjeringa og endeleg NTP, seier Jostein Eitrheim.

Han er dagleg leiar i interesseselskapet.



Jostein Eitrheim, dagleg leiar i Fjordvegen rute 13.
Arkivfoto: Eli Lund

Grunnlag i mars og vedtak i juni

Rådet frå Frp-arane var ifylgje Eitrheim klart: – Det er ingen grunn til å sitja roleg i båten, men viktig å påverka no fram til regjeringa leverer sitt forslag til Nasjonal transportplan i mars og heilt fram til endeleg NTP-vedtak i Stortinget i juni.

– Me vil ta ein runde med dei andre partigruppene, særleg regjeringspartia for å kunna påverka grunnlaget, me vil òg gå på opposisjonen, og altså alle partigruppene, forsikrar Eitrheim.

Han meiner det er større grunn til optimisme no enn om ein hadde hatt ei fleirtalsregjering.

– Rassikringsplan viktigast

I ein rapport på eiga nettside summerer Fjordvegen prosessen fram mot neste NTP så langt, og korleis intereseselskapet er engasjert i NTP-prosessen.

– Å heva fokuset på å få på plass ein nasjonal rassikringsplan er viktigast i kampen om ressursane i prosessen til vedtak i Stortinget i 2021, skriv dei der.
– Liv og helse må vera prioritert, meiner Fjordvegen.

Eitrheim viser til dei mange raspunkta berre her i regionen, men òg til strekka nord for Kinsarvik, der det å hindra kork òg handlar om liv og helse.



Skjermdump frå møtet Fjordvegen hadde med sentrale Frp-representantar

Skriv om ras og trafikkaos

I rapporten på eiga nettside skriv Fjordvegen om fleire større steinras siste halvåret både i Rødsliane fleire gonger, ved Ylvisaker og på strekket Odda – Tyssedal.

«Sommaren 2020 var trafikksituasjonen sør for Hardangerbrua kaotisk og uforsvarleg i høve beredskapen. Vinterstid er Vikafjellet uberekneleg og får låg oppetid då vegen blir stengd på kort varsel som eit føre-var tiltak i høve snøras og dårleg vær».

«Avveging av risiko for ras samt låg standard sett i høve samfunnsøkonomi og ÅDT er eit kjernekjønnspunkt i dei politiske prioriteringane vidare i prosessen til Stortingsvedtaket i juni 2021. Det er grunn til å spørja om vektlegginga av bruk av Samfunnsøkonomisk nytte som einaste hovudkriterium og ein del av faktorane som er lagt til grunn i dette begrepet», skriv Fjordvegen.

Dei skriv om at ettersom klimautfordringane aukar, er behovet for rassikring stadig aukande.

– Dette saman med den krevjande, seinkande og trafikkfarlege situasjonen med sterkt standard variasjon på riksveg 13 over lange strekk, gjer arbeidet svært viktig.